



Vestlandet



## Tre skjøtselsplanar for Barsteinen, Nesset kommune, Møre og Romsdal fylke.

Bioreg AS Rapport 2013 : 19

# BIOREG AS

## Rapport 2013:19

|  |  |                                      |
|--|--|--------------------------------------|
| <b>Utførende institusjon:</b><br>Bioreg AS<br><a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>  | <b>Kontaktpersoner:</b><br>Finn Oldervik                                     | <b>ISBN-nr.</b><br>978-82-8215-248-8 |
| <b>Prosjektansvarlig:</b><br><br>Finn Oldervik<br>6693 Mjosundet<br><br>Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852<br>E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>  | <b>Oppdragsgiver:</b><br><br>Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>ved Geir Moen | <b>Dato:</b><br>12.11.2013           |
| <b>Referanse:</b><br>Folden Ø. & Oldervik, F.G. 2013. Tre skjøtselsplanar for Barsteinen, Nesset kommune, Møre og Romsdal Fylke. Bioreg AS rapport 2013 : 19. ISBN; 978-82-8215-248-8.   |  |                                      |
| <b>Referat:</b><br>Rapporten skildrar naturverdiar og arts mangfald for tre slåttemarkar til gnr 5/1 og 5/3, Barsteinen, Nesset. Vidare gjer rapporten greie for dei skjøtselstiltaka som bør setjast i verk for å ta vare på dei biologiske verdiane som er knytt til lokalitetane. |  |                                      |
| <b>4 emneord:</b><br><br>Kulturlandskap<br>Naturtype<br>Skjøtselsplan<br>Slåttemark  |  |                                      |

**Figur 1. Foto; Øystein Folden © 09.08.2013.** I framkant Geitåkeren som er ein del av Barsteinen nr. 4, Der'Negarden, med husa på Der'Negarden sentralt i biletet. Traktorvegen gjennom lokaliteten vises også.

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Innhold .....   | 3  |
| Føreord .....   | 4  |
| A. Generell del .....   | 5  |
| Slåttemarksutformingar på Vestlandet .....                                  | 5  |
| Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker ..... | 6  |
| B. Nasset; Barsteinen 1, Tronteigen vest.....                               | 9  |
| C. Nasset; Barsteinen 2, Tronteigen aust .....                              | 13 |
| D. Nasset; Barsteinen 4, Der'Negarden.....                                  | 18 |
| Kjelder .....   | 21 |
| Litteratur: .....   | 21 |
| Munnlege kjelder: .....   | 22 |
| Internett: .....  | 22 |
| Ortofoto/kart.....  | 22 |
| Bilete .....  | 23 |
| 1. Vedlegg 1. Artslister. ....  | 27 |

## Føreord

---

I samsvar med ei nasjonal handlingsplan for å ta vare på dei attverande slåttemarkane i Noreg vart det teke initiativ til å lage dei første skjøtselsplanane for Møre og Romsdal alt i 2010. Det er Fylkesmannen ved Geir Moen som samordnar dette arbeidet i fylket. Når det gjeld desse slåttemarkslokalitetane på Barsteinen i Nesset, så er dei også kartlagde tidlegare. John Bjarne Jordal var her den 18.08.2003 og Geir Gaarder den 10.07.2012. Dei lokalitetsskildringane som Jordal la fram i sin tid har blitt ein del endra av Gaarder. Til Gaarder si skildring har vi tilført ein del nytt om brukshistorie og skjøtselsrelaterte opplysningar.

Barstein består av tre fråflytta gardsbruk som ligg 250 m.o.h., oppe i lia på nordsida av Langfjorden mellom Tjelle og Ranvik. Dei tre hovudbruken heiter Tronteigen (gnr. 5/1), Der'opp-garden (gnr. 5/2) og Der'ne-garden (gnr. 5/3). Den sistnemnde av desse er den største. På Tronteigen vart det drive med storfe saman med nokre sauvar fram til 1965. Vidare fram til 1968 var det sauehald på garden, men då var det slutt med den sjølvstendige gardsdrifta på Tronteigen og bruket vart fråflytta. Også på bnr. 2, Der'opp-garden var det storfehald og mjølkeproduksjon til 1965. Seinare vart det sauehald der også og våren 1972 vart det sleppt 72 dyr på beite (Roaldset 1973). Det er noko usikkert når dette bruket vart fråflytta. Der'ne-garden skil seg ikkje særlig frå dei andre bruken på Barsteinen og storfehald, saman med nokre sauvar var husdyrhaldet fram til 1968 då garden vart fråflytta. Sist på 1800-talet var det også geiter ein periode på dette bruket, og i følgje bygdeboka, så var dette siste gongen det var av dette dyreslaget på Barsteinen. Kva for drift og skjøtsel det har vore på Barsteinen mellom ca 1970 og år 2000 kjenner vi dverre lite til.

Skjøtselsplanane for området har som hovedoppgåve å ta vare på det opphavlege artsmangfaldet, og då ved ein skjøtselsmåte som liknar mest mogleg på den tradisjonelle, dvs. med minimal gjødsling og relativt sein slått, samanlikna med dagens siloslått. Eventuelt kan det vera aktuelt å supplera med litt haustbeite om mogleg.

Vi vil med dette få takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Geir Moen for oppdraget og for eit godt samarbeid om prosjektet. Så vil vi også rette ein takk til eigar og brukar av dei aktuelle slåttemarkane for velvilje og tålmod når vi har ringt og mast om opplysningar. Bolette Bele ved Bioforsk AS ver takka for å ha lese gjennom skjøtselsplanane og kome med gode råd i slutfasen.

Mjosundet i Aure 12. november 2013 Tingvoll 12. november 2013

For Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Øystein Folden

## A. Generell del

---

Slåttemarker er areal som vert regelmessig slått. Semi-naturleg slåttemark eller såkalla natureng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflaterydda, men ikkje oppdyrka og tilslådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei vert slått seint i sesongen. Slåttemarkene vert eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbrita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemarkene er urte- og grasdominerte og oftast svært artsrike. Dei kan vere opne eller tresette.

Tresette slåttemarker med styvingstre som vert hausta ved lauvning er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til før med eit tidsinterval på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteareal (slåttemyr). Dei fleste jordvassmyrene i Noreg har tidlegare vore slått, men myrslåtten tok i stor grad slutt for ganske lenge sidan og vart praktisert berre nokre få stader fram til slutten av 1950-åra. Nokre av slåttemyrane gror att, medan andre endrar seg mindre, her er det truleg få tydelege biologiske spor frå slåttedrifta. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og er viktige også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open engvegetasjon (særlig urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rastepllassar under trekket. I tillegg har slåttemarker mykje å seia for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark fordi dei inneheld vegetasjontypar og fleire artar som ikkje klarer seg i område som berre vert beita. Samanlikna med naturbeitemark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet og dei største bestandane av fleire truga engartar. Gjennom historia har slåttemark vore, og vil framleis vere, om vi tek vare på dei, viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. Men driftsendringar på 1900-talet har ført til at slåttemark no er mellom våre mest truga naturtypar.

### *Slåttemarksutformingar på Vestlandet*

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel prøvd å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som er særigne for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gjev òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært godt oversyn over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nyleg er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokalitetar vert omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av dei 37 kommunane i fylket. Lokalitetane finst likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjontypen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommarfuglart og 50 soppartar).

- Ein særleg verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskarbondelandskap som vert skjøtta tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskaps-element m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene. Slåttemarkene vert slått med ljå. Her finst mange raudlista beitemarksopp. Staden er veglaus og kan nåast med robåt over eit 50 meter breitt sund.

- Langs Grøvvassdraget (Sunndal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Rauma) finst tørre-friske slåttemarker med fleire tørrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.
- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobbyslått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Fire utformingar av jordnøtteng (frisk fattigeng, jordnøttutforming) finst langs kysten her:

Jordnøttengene har ei spesifikk norsk artssamansetjing: Viktige lokalitetar er m.a. Urangsvåg, Bømlo og Gjuvsland, Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekke registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Også i Sogn og Fjordane er det registrert fleire jordnøttenger. Kystblåstjernedominerte slåttemarker finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrenger med m.a. brudespore, vanleg nattfiol og bakkesøte. Det er registrert mange slåttemarker i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og stoda i dag er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis vert haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarker. I Funningsland, Hjelmeland finst ei dei få attverande solblomslokalitetane i fylket. Diverre vert den ikkje slått no.

## ***Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker***

### Skjøtsel

Beste måten å skjøtte ei gammal, artsrik eng på, er å følgje opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gammalt av. Slått før 10. juli var svært uvanleg.

En bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakketørkast eller hesjast før det vert fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt høy, er bakketørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og vert liggjande att på enga når høyet vert samla saman og køyrd vekk.

Mange stadar på Vestlandet har engene i tillegg vore beita, anten vår eller haust eller begge delar. Berre beiting kan ikkje erstatte slått, men er dette einaste moglege skjøtsel i en periode, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut "godbitane" slik sauene gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding. Der ein har tidlegblømmande artar, som til dømes svartkurle, er det særleg viktig at ein unngår vårbete.

### Restaurering

*Når det gjeld restaurering av enger som er i attgroing og utviding av eksisterande slåtteareal er det viktig å ikke setje i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarar å følgje opp med skjøtsel i ettertid.*

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik vert det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan vente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frozen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast om sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteenger som *ikkje* har vore tresette er det ikkje noko poeng i å setje att tre ved rydding, men gamle styringstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det særleg viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brend på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska snarveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreiling av flis i området ikkje å tilrå.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som vert frigjort frå daude røter av tre og buskar som har vert rydda bort. Dette gir ein gjødslingsverknad som lett fører til uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis opning er difor viktig. Gjødslingsverknad saman med auka ljossinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotssystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.


Osp spreier seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til omfattande renning. Det kan difor løne seg å ringborke osp ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all borken forsvinn, slik at transporten av næringstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringborke om våren. Etter tre somrar må dei daude trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved eterrydding på barmark. Større stubbar vil rotne fortare om ein skil borken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar ljossinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjødurt vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljå eller kratttryddar. Felt med einstape bør slåast ned med kjøpp, ikkje skjerast ned. På denne måten held bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmar dermed rotssystemet sitt. Bregna bør så fjernast om hausten.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

**Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker** er å finne på DN sine heimesider:<http://miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjotselsboka/>



Figur 2. Kartet, som er utarbeidd av Gaarder 2012, viser dei nye naturtypelokalitetane på Barsteinen med raudt, og dei gamle med oransje strek. Det er slåttemarkslokalitetane med verdi A eller B som no får skjøtselsplanar.

## B. Nesset; Barsteinen 1, Tronteigen vest.

| <b>SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)</b>   |   |               |   |            |  |                |                   |  |                                 |  |
|---|---|---------------|---|------------|--|----------------|-------------------|--|---------------------------------|--|
| Navn på lokaliteten<br>Barsteinen 1, Tronteigen vest. (Gnr. 5/1)  |   |               |   |            | Kommune<br>Nesset  |                |                   | Områdenr.                                      |                                 |  |
| ID i Naturbase<br>BN00022298  |   |               | Registrert i felt av: Øystein Folden, Bioreg AS |            |  |                |                   | Dato:09.08.2013                                |                                 |  |
| Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige)<br>John Bjarne Jordal, 17.09.2002<br>Geir Gaarder, 10.07.2012<br>Øystein Solli, grunneigarar;brukar |   |               |   |            |  |                |                   | Skjøtselsavtale:<br>Inngått år:<br>Utløper år: |                                 |  |
| Hovudnaturtype: Slåttemark D01<br>Tilleggsnaturtypar: Ingen   |   |               |   |            | Utformingar:<br>Svak lågurt-slåtteeng (D0115) 90 % andel<br>Svak lågurt slåtgefukteng (D0119) 10 % andel |                |                   |  |                                 |  |
| Verdi (A, B, C):<br>B   |   |               |   |            | Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)   |                |                   |  |                                 |  |
| Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen  |   |               |   |            |  |                |                   |  |                                 |  |
| Stedkvalitet  |   | Tilstand/Hevd |   | Bruk (nå): |  |                | Vegetasjonstyper: |  |                                 |  |
| < 20 m  | x | God           | x   | Slått      | x  | Torvtek        |                   | Svak lågurt-slåtteeng D0115                    | Svak lågurt slåtgefukteng D0119 |  |
| 20 - 50 m   |   | Svak          |   | Beite      |  | Brenning       |                   |  |                                 |  |
| 50-100 m  |   | Ingen         |   | Pløying    |  | Park/hagestell |                   |  |                                 |  |
| > 100 m   |   | Gjengrodd     |   | Gjødsling  |  |                |                   |  |                                 |  |
|   |   | Dårlig        |   | Lauving    |  |                |                   |  |                                 |  |

### **OMRÅDEBESKRIVELSE (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)**

#### INNLÉING

Beskrivelsen er utarbeidet av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 15.05.2013, dels på grunnlag av eget feltarbeid 10.07.2012 og dels på grunnlag av tidligere kartlegging av John Bjarne Jordal (Jordal 2005) basert på hans eget feltarbeid 18.08.2003 (Naturbase ID BN00022280). Kartleggingen i 2012 ble utført på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i forbindelse med supplerende naturtyperegistrering i Nesset kommune, mens kartleggingen i 2003 ble utført på oppdrag for Nesset kommune. Lokaliteten har nå fått oppdatert beskrivelse, avgrensning er noe justert og naturtype endret. Øystein Folden har 09.10.2013 justert litt på mer bruksrelaterte avsnitt i forbindelse med utarbeiding av skjøtselsplan.

#### PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligger på nordsiden av Langfjorden, i lia opp mot Barsteindalen mellom Tjelle og Ranvik. Her ligger tre nedlagte gårdsbruk, men der innmarka fremdeles delvis holdes i hevd. Berggrunnen består av granitt/gneis og virker gjennomgående kalkfattig. Avgrenset lokalitet omfatter de største engene på det vestre bruket og er noe redusert sammenlignet med Jordal (2005) sin kartlegging, i første rekke som følge av bedre kartgrunnlag, men nok også for å unngå nokså oppgjødsla og artsfattige partier nær selve gårdsbruket i øst.

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Engene er av overveiende frisk og nokså kalkfattig utforming, dvs. svak lågurtslåtteeng (D0115). Det er også innslag av lågurt slåtgefukteng (D0119). En god del areal bør nok betegnes som ekstensivt utnyttet kunstmark (gjelder særlig sentrale deler, samt ei stripe i øvre del), men det er også partier, særlig øvre deler og kantsoner for øvrig som nå kan plasseres som kulturmarkseng.

**ARTSMANGFALD:** Jordal (2005) noterte følgende arter: Aurikkelsveve, blåklokke, bråtestarr, geitsvingel, grov nattfiol, harerug, kjerteløyentrøst, krattlodnegras, liljekonvall, nyseryllik, prestekrage, smalkjempe, småengkall og brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*. Under feltarbeidet i 2012 ble praktisk talt alle artene gjenfunnet og i tillegg ble det påvist vanlig nattfiol (en del), jordnøtt, gulaks, tepperot, finnskjegg (sparsomt, særlig i øvre del), blåknapp og skogmarihånd i enga.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:** Jordal (2005) skriver at enga i 2003 ble beitet av storfe. Til da har det vært årlig slått og hesja. Etter den tid har det verken vært slått eller beita, men det har vært noe streifbeiting, bl.a. i 2013 (Øystein Solli, pers. med.). Som Jordal (2005) skriver er dette gammel slåttemark, og også ut fra struktur og dels artsinventar virker det mest korrekt å kartlegge den som dette. Den har utvilsomt vært jordbearbeidet tidligere og det aller meste ganske sikkert også noe gjødslet, men enga bærer nå preg av å være ganske gammel og å ha mottatt lite gjødsel i nyere tid. Etter flere år uten slått er det nå på deler av enga oppslag av lauvtrerenninger som fremdeles kan tas med slåmaskin om det blir gjort snart. På enkelte områder er det noe blåbær, det står noen bregnar (skogburkne) og enkelte selvsådde grantre her. Delvis står det også skog som skygger i kantene av lokaliteten. Det går ei lavspentlinje over lokaliteten.

**FRAMANDE ARTAR:** Selvsådd gran fins på lokaliteten.

**KULTURMINNE:** Det står et sommerfjøs til nedfalls i overkant av lokaliteten.

**SKJØTSEL OG OMSYN:** Naturverdiene er helt avhengig av tradisjonell hevd. Det klart beste vil være årlig slått med tilhørende fjerning av graset og litt etterbeite om høsten. Beite vil også kunne bevare mye av verdiene, men det anbefales da helt klart bruk av storfe framfor sau, da sistnevnte trolig vil være til skade for orkideene her, men da helst med vårbeiting. Gjødsling og jordbearbeiding vil ødelegge verdiene.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:** På Barsteinen er det en del areal med ganske artsrike slåtteenger. Ellers er få lokaliteter kjent i området.

#### VERDIGRUNNINGJEVING:

Jordal (2005) gav lokaliteten verdi; Viktig - B. Det virker trolig mest korrekt å opprettholde denne verdien. Lokaliteten er ganske stor og har vært i ganske god hevd inntil for noen år siden. Den er likevel ikke spesielt artsrik og bærer noe preg av å ha vært jordbearbeidet og helst også gjødslet for lang tid tilbake. Nærheten til flere andre enger med høy verdi er med på å styrke vurderingen og burde kanskje også tilslagt at den skulle vært satt ennå høyere.

## SKJØTSELSPLAN

|   |                               |  |                                   |                            |
|---|-------------------------------|--|-----------------------------------|----------------------------|
| DATO<br>skjøtselsplan:<br>31.10.2013  | UTFORMA AV:<br>Øystein Folden | FIRMA:<br>Bioreg AS  |                                   |                            |
| UTM 32N<br>6958690 438790   | Gnr/bnr.<br>5/1               | AREAL<br>(noverande):<br>9 da  | AREAL etter<br>evt.restaurering:- | Del av verneområde?<br>Nei |
| Kontakt med grunneigar/bruker (ev /informant).<br>Grunneigar: Frode Hjalmar Eidseter, Frydenberg 8, 6450 Hjelset,<br>tlf. 907 72 267<br>Brukar med munnleg avtale: Øystein Solli, Bakken, 6450 Hjelset,<br>tlf. 908 34 620.<br>Kontakt har vore med brukar. |                               | Type kontakt:<br>Telefonkontakt, naturfagleg registrering<br>09.08.2013. Vidare har plana vore til<br>gjennomlesing. |                                   |                            |

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter törking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjoner av ev raudlista beitemarkssopp, - eller at raudlisteartar frå andre artsgrupper som kan verte registrert på eit seinare tidspunkt vert tekne vare på gjennom tilpassa skjøtsel. Dessutan er det viktig at karakterartar av kulturmarksengplantar vert halde på dagens nivå, eller at populasjonane av desse aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen der han finst på lokaliteten vert teke vare på, eller/og at mest muleg av lokaliteten etter kvart vil få ein slik struktur.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, sprøytaast eller pløyast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og ljå.

**Delmål for lokaliteten:**

- Ein bør unngå særleg av vårbeite her fordi det kan vere ein restbestand av orkidear på lokaliteten.
- Lokaliteten bør etterbeitast om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka.

**Tilstandsmål artar:**

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller helst aukast jf. artslista i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst aukast (Sjå artslista for lokaliteten i vedlegg 1!)
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar av beitemarkssopp eller frå andre artsgrupper som kan dukka opp skal oppretthaldast eller helst utvidast.

**Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:**

- Det skal ikkje vere renningar (anna enn årsrenningar), grantre eller bregnetuver inne på areal som skal slåast. Innslaget av einstape skal reduserast.

**Tiltak:**

- Årleg slått skal utførast etter 15.07. og helst vere gjennomført før 15.08., gjerne varierande frå år til år. Graset skal törkast anten på bakken eller i hesje, minst 2-3 dagar så frø får modna og kan spreie seg når høyet blir fjerna.
- Rundt lokaliteten skal det setjast opp gjerde slik at ein har kontroll med når lokaliteten blir beita.
- Særleg på vestsida av lokaliteten er det naudsint å hogge lauvskog som står nær slåttemarka. Veden kan transporterast over slåttemarka om ho er frozen. Kvisten må ryddast vekk frå slåttemarka. Om den skal brennast må det gjerast utanfor lokaliteten (OBS! Sjekk lokale brannforskrifter!)
- Inne på slåttemarka er det nokre område med renningar. Mykje kan takast med slåmaskin. Dei renningane som er for tjukke må sagast heilt nede, slik at det ikkje blir stubbar som når i slåmaskina. Det er nokre få granplanter som kan fjernast på enklaste måte. Tuer med bregner kan ein ofte få fjerna såpass at dei ikkje sjenerer lenger ved å slå av tua med krafse eller hakke. Når det gjeld einstape er metoden skildra i generell del.

| AKTUELLE TILTAK:   | Prioritering<br>(år) | Kostnad   | Kontroll:<br>(Dato) |
|--|----------------------|---|---------------------|
| <b>Generelle skjøtselstiltak:</b><br>Årleg slått ikkje før 15.07. og helst innan 15.08., tørking av graset, enten på bakken eller ved hesjing og fjerning av høyet   | Årleg                | 9 daa/<br>2000<br>kr/år/daa<br>18000,-                  |                     |
| Etterbeiting   | Årleg                | Kr 0  |                     |
| <b>Aktuelle restaureringstiltak, utover dei generelle:</b><br>Oppsett av permanent gjerde, 460 meter   | 2014                 | 460 m a<br>kr 85,-<br>= kr.<br>40000,-                  |                     |
| Fjerning av lauvtrerrenningar, smågran, bregnar o.l. i enga  | 2014                 | 30 timer<br>Kr.9000,-                                   |                     |
| Rydding og tynning langs kantane <sup>1</sup> , kvist må fjernast frå lokaliteten, eventuell traktorbruk må skje på frose mark om ein må utom eksisterande vegtrase. | 2016, 2017           | 40 timer<br>kvart av<br>åra.<br>Kr.<br>12000,-<br>pr år |                     |
| <b>Aktuelle årlege skjøtselstiltak, utover dei generelle:</b>  |                      |   |                     |
| <b>UTSTYRSBEHOV:</b><br>Tohjulsslåmaskin, ljå, høygaffel, rive, presenning, motorsag   |                      |   |                     |
| <b>OPPFØLGING:</b><br>Skjøtselsplanen skal evalueres innan, 5 år:  |                      |   |                     |
| Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er ikkje undersøkt.  |                      |   |                     |
| Tilskot søkt år:   | Søkt til:            |   |                     |
| Tilskot tildelt år:  | Tildelt fra:         |   |                     |
| Skjøtselsavtale parter:  |                      |   |                     |
| <b>ANSVAR:</b><br>Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen.  |                      |   |                     |

<sup>1</sup> Det er vanskeleg å vurdere total arbeidsmengde, så eventuelle ytterlegare behov bør kome fram i samband med årleg rapportering.

## C. Nesset; Barsteinen 2, Tronteigen aust.

| <b>SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)</b>   |               |   |  |  |                            |
|---|---------------|---|--|--|----------------------------|
| Navn på lokaliteten<br>Barsteinen 2, Tronteigen øst   |               |   | Kommune<br>Nesset                                | Områdenr.                                      |                            |
| ID i Naturbase<br>BN00022298  |               | Registrert i felt av: Øystein Folden, Bioreg AS |  |  | Dato:09.08.2013            |
| Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige)<br>John Bjarne Jordal, 17.09.2002<br>Geir Gaarder, 10.07.2012<br>Øystein Solli, grunneigarar;brukar |               |   |  | Skjøtselsavtale:<br>Inngått år:<br>Utløper år: |                            |
| Hovudnaturtype: Slåttemark D01<br><br>Tilleggsnaturtypar: Ingen   |               |   | Utformingar:<br>Svak lågurtslåtteeng (D0115)     |  | 100 % andel                |
| Verdi (A, B, C):<br>B   |               |   | Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.) |  |                            |
| Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen  |               |   |  |  |                            |
| Stedkvalitet  | Tilstand/Hevd |   | Bruk (nå):                                       |  | Vegetasjonstyper:          |
| < 20 m  | x             | God   | Slått  | Torvtek  | Svak lågurtslåtteeng D0115 |
| 20 - 50 m   |               | Svak  | Beite  | Brenning                                       |                            |
| 50-100 m  |               | Ingen   | x  | Pløying  | Park/hagestell             |
| > 100 m   |               | Gjengrodd                                       | x  | Gjødsling                                      |                            |
|   |               | Dårlig  |  | Lauving  |                            |

### **OMRÅDEBESKRIVELSE (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)**

#### INNLÉIING

Beskrivelsen er utarbeidet av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 15.05.2013, på grunnlag av eget feltarbeid 10.07.2012. Den overlapper delvis med tidligere kartlegging av John Bjarne Jordal (Jordal 2005) basert på hans feltarbeid 18.08.2003 (NaturbaseID BN00022280), men det antas å skyldes avgrensningssunøyaktighet og tillegges ikke vekt her. Kartleggingen ble utført på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i forbindelse med supplerende naturtyperegistrering i Nesset kommune. Øystein Folden har 09.10.2013 justert litt på mer bruksrelaterte avsnitt i forbindelse med utarbeiding av skjøtselsplan.

**PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:** Lokaliteten ligger på nordsiden av Langfjorden, i lia opp mot Barsteindalen mellom Tjelle og Ranvik. Her ligger tre nedlagte gårdsbruk, men der innmarka fremdeles delvis holdes i hevd. Berggrunnen består av granitt/gneis og virker gjennomgående kalkfattig. Avgrenset lokalitet er ei eng tilhørende det vestre bruket som ligger litt adskilt fra de øvrige litt nordøst for gården. Den grenser stort sett mot skogsmark (dvs gammel hagemark) på alle kanter, men ei beitemark ligger i øst.

**NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR:** Engene er av overveiende frisk og nokså kalkfattig utforming, dvs. svak lågurtslåtteeng (D0115)

**ARTSMANGFALD:** Enga er ikke spesielt artsrik, men omfatter en del typiske arter som vanlig nattfiol, skogmarihånd, jordnøtt, gulaks, tepperot, legeveronika, harerug, prestekrage, grov nattfiol, engfrytle, blåknapp, smalkjempe, finnskjegg og blåklokke. Det er kommet inn noe einstape på deler av enga.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:** Dette må være ei gammel slåttemark og helst har den for lang tid tilbake vært jordbearbeidet, mens det er usikkert og ikke sikkert den noen sinne har fått påført gjødsel i særlig grad. Den bærer nå preg av gjengroing med oppslag av en del busker og utvilsomt har denne pågått en del år, men fremdeles overlever en god del av de typiske engartene her. Lokaliteten har vært slått, men ikke fullt så lenge som hovedteigen, så slåtten har trolig vært avslutta før 2000, og etter den tid er det verken slått eller beita (Øystein Solli, pers. med). Det krysser ei høyspentlinje over sørøsthjørnet av lokaliteten.

Tilstandsmessig er lokaliteten tredelt, en del som kan slås, en del som kan slås, men har einstape og en del med høye lauvtrerrenninger.

**FRAMANDE ARTAR:** Ingen observert.

**KULTURMINNE:** Det er en steingard på vestsida av lokaliteten.

**SKJØTSEL OG OMSYN:** Naturverdiene er helt avhengig av at tradisjonell hevd blir gjenopptatt. Det klart beste vil være årlig slått med tilhørende fjerning av graset og litt etterbeite om hausten. Beite vil også kunne bevare mye av verdiene, men det anbefales da helt klart bruk av storfe framfor sau, da sistnevnte sannsynligvis vil fjerne det meste av orkideer her. Gjødsling og jordbearbeiding vil ødelegge verdiene.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:** På Barsteinen er det en del areal med ganske artsrike slåtteenger. Ellers er få lokaliteter kjent i området.

**VERDIGRUNNGJEVING:** Lokaliteten får under litt tvil verdi; Viktig - B, særlig fordi den ligger i et område med flere andre artsrike og dels bedre hevdeteenger. Også denne har hittil beholdt deler av artsmangfoldet, samt at den virker tidligere lite gjødslet og jordbearbeidet.

## SKJØTSELSPLAN

|  |                               |   |                                   |                            |
|--|-------------------------------|---|-----------------------------------|----------------------------|
| DATO<br>skjøtselsplan:<br>31.10.2013   | UTFORMA AV:<br>Øystein Folden |   |                                   | FIRMA:<br>Bioreg AS        |
| UTM 32N<br>6958720 438915  | Gnr/bnr.<br>5/1               | AREAL<br>(noverande):<br>2,1 da   | AREAL etter<br>evt.restaurering:- | Del av verneområde?<br>Nei |
| Kontakt med grunneigar/bruker (ev /informant).<br>Grunneigar: Frode Hjalmar Eidster, Frydenberg 8, 6450 Hjelset,<br>tlf. 907 72 267<br>Brukar med munnleg avtale: Øystein Solli, Bakken, 6450 Hjelset,<br>tlf. 908 34 620.<br>Kontakt har vore med brukar. |                               | Type kontakt<br>Telefonkontakt, naturfagleg registrering<br>09.08.2013. Vidare har plana vore til<br>gjennomlesing. |                                   |                            |

MÅL:

Hovudmål for lokaliteten - restaureringfasen:

Sidan denne teigen i utgangspunktet er eit restaureringsprosjekt, så må restaureringa gjerast før ordinær skjøtsel kan setjast i verk.

- Det er eit mål å få gjennomført restaureringsfasen i løpet av 2014, slik at ordinær skjøtsel kan ta til fra 2015. Det er fleire framgangsmåtar for å kunne nå dette målet og brukaren sjølv har lagt fram to av alternativa. Same kva framgangsmåte som vert vald, må all trevegetasjon fjernast, slik at ein kan bruka slåmaskin på ein effektiv måte. Også alt av avfall og strø må fjernast frå lokaliteten. Vi har lagt fram tre alternative måtar for å nå dette målet. Sjå seinare under tiltak!

#### Hovudmål for lokaliteten - skjøtselsfasen frå og med 2015:

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista beitemarkssopp, - eller at raudlisteartar frå andre artsgrupper som kan verte registrert på eit seinare tidspunkt vert tekne vare på gjennom tilpassa skjøtsel. Dessutan er det viktig at karakterartar av kulturmarksengplantar vert halde på dagens nivå, eller at populasjonane av desse aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen som flekkvis enno finst på lokaliteten vert teke vare på og at den etter kvart kan omfatta det meste av lokaliteten.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, sprøytaast eller pløyast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og ljå.

#### Delmål for lokaliteten i skjøtselsfasen:

- Det er viktig å få med alle renningar i kantsonene slik at ein kjem godt til med slåmaskina når dei er fjerna.
- Ein bør vera forsiktig med vårbeite på lokaliteten, då dette kan vera skadeleg for eventuelle restbestandar av orkidear.
- Lokaliteten bør etterbeitast om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka.

#### Tilstandsmål artar:

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller helst aukast jf. artslista i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst aukast (Sjå artslista for lokaliteten i vedlegg 1!)
